



Pål Magne Austnes i samspel med Sebastian L. Torjusen under Karmøy Brass Festival. (Foto: Thor Inge Døssland)

**No er det endeleg klart kva som vert oppfølgjaren av det vellukka Brodahl-prosjektet sist vår. Over nyttår startar skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen eit nytt, spanande samarbeidsprosjekt. Då har dei knytta til seg topp-tubaisten Pål Magne Austnes, som no spelar i elitekorpsset Manger Musikklag.**

Det vart to helgesamlingar, 9.-11. januar og 20.-22.februar - med stor konsert søndag 22. februar. Thor Inge Døssland i skulemusikken i Uskedalen opplyser dette til uskedalen.no.

Austnes er også kjend frå Brazzability, Bergen Tuba Quartet og frå fleire freelanceoppdrag, mellom andre på Den Nationale Scene.

Han dirigerer fleire korps i Bergensområdet og er ein svært populær instruktør.

- Dei siste åra har han mellom anna vore musikalask leiar på blått sommarkurs både på Moi og i Ølensvåg. Ein grunn til at ønskjer å koma er utvilsamt at han kjenner til ein god del av musikarane i dei to korpsa både frå desse kursa og frå Karmøy-festivalen. Dessutan tok vi tidleg kontakt med han – allereie i forrige sesong. Vi har og møtt han som instruktør i det fantastiske programmet Manger Musikklag såela under Siddis Brass, opplyser Døssland og held fram:

- Austnes er kjend som den fremste formidlar av musikken til The Youngblood Brassband (USA) her i landet. Han har arrangert mykje av deira musikk for brassband. Dette er musikk som musikarane stortrivst med å spela og som verkeleg treff publikum. Det er ein av grunnane til at vi har store forventningar til konserten.

- Kva med repertoaret, er det allereie klårt?

- På konserten vert det ein del musikk av The Youngblood Brassband arrangert av Austnes. Såleis tek ein på mange måtar opp tråden frå fjorårets knallsuksess.

Ekstranummeret under Brodahl-konserten var nemleg "Brooklyn" av The Youngblood Brassband i Pål Magne sitt arrangement.

Topp-tubasisen vil ha ansvar for og delta på ein del av nummera på konserten medan vår faste dirigent Anders Christensen vil ha hovudansvaret for ein del av konserprogrammet.

Det er om lag det same opplegget som under Brodahl-konserten.

Av Ola Matti Mathisen



Pål Magne Austnes saman med Blått-kurs-deltakarar frå Kvinnherad i Ølensvåg sist sommar. (Foto: Thor Inge Døssland)